



SAKSGANG			
Styre/råd/utval	Møtedato	Sak nr	Saksbeh.
Helse, skule og kultur	17.04.2007	016/07	HP

Saksansvarleg: Hilde Pedersen

Arkiv: K2-  
C61

Arkivsaknr.: 01/1183

Oppfølgingsansvar:

Tidsfrist:

## HØYRINGSUTTALE - BIBLIOTEKREFORM 2014

### Vedlegg:

#### Saksomtale:

Utgreiinga ”Bibliotekreform 2014”, som er utarbeida av ABM-utvikling, etter eit felles oppdrag frå Kultur- og kyrkjedepartementet og Kunnskapsdepartementet, går inn for tre satsingsområde på bibliotekfeltet: innhald og tenester, organisering og struktur, samt kompetanse og forskning.

I høyringsutkastet frå Kunnskapsdepartementet og Kultur- og kyrkjedepartementet av 14.11.2006 vert det peika på at dei tre viktigaste elementa i reforma er:

*- **Innhald og tenester:** Tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester. Digitalisere viktige innhaldsressursar. Vidareutvikle biblioteket som læringsarena og læringsressurs. Vidareutvikle kultur- og litteraturformidling i biblioteka. Styrke biblioteka som bidragsytarar til inkludering, integrering og kulturelt mangfald..*

*- **Struktur og organisering:** Etablere sterkare og meir kompetente folkebibliotek gjennom ein konsolideringsprosess som omfattar bibliotek i fleire kommunar*

*- **Kompetanse og forskning:** Fornye den samla kompetansen i biblioteksektoren slik at biblioteka skal ha ein brei og oppdatert kompetanse for å gje betre tenester.*

Utgreiinga tek opp dei sentrale og viktigaste utfordringane som biblioteksektoren stend overfor i dag. Den set også brukaren i fokus. Det er brukarane av bibliotektenestene vi er der for, og det er deira behov som må bestemme innhaldet i våre tenester. Vi må ha eit produkt som er etterspurd, og som vi er aleine om å tilby.

Det er foreslått 28 konkrete tiltak i bibliotekutreiinga, konsolidering er eit av dei.

Det er vidare foreslått ca. 300 mill. kroner årleg til reforma i perioden 2008-2014. I tillegg vert det forventa auka midlar frå kommunar og regionar.

Dei fleste av forslaga i Bibliotekreform 2014 inneber ein betydeleg innsats på det nasjonale fagområdet for å få i verksett dei einskilte tiltaka, mellom anna gjennom ABM-utvikling og Nasjonalbiblioteket.

## **Merknader til dei enkelte forslaga:**

**Innhald og tenester:** Felles nasjonale digitale tenester er svært viktig for biblioteka ute i distrikta, t.d. er dette med å gje tilgang til sentrale kunnskapskjelder gjennom lisensar og andre vederlagsordningar særleg viktig. Digitalisering av lokalt materiale er også viktig for brukarane. Styrking og utviding av dei offentlege innkjøpsordningane for litteratur og andre media er svært positive tiltak. Gjennomføring av forslaga føreset stor økonomisk satsing.

**Struktur og organisering:** Strategiar og tiltak under målområde 2 er særleg knytt til struktur og organisering med forslag om konsolidera bibliotek, ei endring av biblioteklova og profilering av Noregsbiblioteket, som viser biblioteka som eit samanhengande nettverk.

Målet som ligg til grunn for konsolideringstanken er god, men ein konsolideringsprosess, med krav om minimum 6-8 tilsette innanfor ei eining, kan gå utover dagens bibliotektilbod og auke skilnaden mellom små og store bibliotek. Det er viktig at arbeidet med den organisatoriske endringa blir starta og utgreidd lokalt for å koma fram til gode løysningar som er tilpassa dei einskilde regionane.

Tiltak med å etablere ei transportordning for distribusjon av materiale mellom biblioteka i Noreg, er ei ordning som ein ser fram til, like eins tiltaket med å utstyre alle bibliotek med trådløst høghastigheitsnett.

Endring av biblioteklova for å sikre samarbeidet i eit nasjonalt biblioteknettverk vil også vere ei styrking av tilbodet til brukarane, uavhengig av kor dei bur i landet.

**Kompetanse og forskning:** Fornye den samla kompetansen i biblioteksektoren gjennom nødvendige tiltak m.a. knytt til eit kompetanseutviklingsprogram, eit hospiteringsprogram, eit forskingsprogram og ved å oppretta ulike nettverksgrupper på sentrale områder. Desse overordna måla er avgjerande for å løyse framtidias oppgåver og utfordringar innanfor bibliotekvesenet.

Bibliotekreform 2014 er eit utfordrande, tankevekkande og omfattande dokument som krev debatt og vilje til handling og økonomiske løft. Gjennomføring av tiltaka krev løyvingar frå staten, men også frå kommunar og fylkeskommunar.

**Rådmannen** Bø kommune gjev uttale i samsvar med merknadene i saksutgreiinga  
**tilråd:**

**HSK-016/07**

**Vedtak:** Som tilrådinga frå rådmannen. Samrøystes.

**Rett utskrift**

**Dato: 18.04.2007**

**Kopi til:**  
Leiar eining kultur og fritid

